Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Laksevåg

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Loddefjord

Oppskr. av: Per Voll

Gard:

(adresse): Laksevåg

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

På gardane i Loddefjord hadde dei ikkje hest før i tida. Gardane var for små. Det fanst knapt ein hest i heile soknet.

Mannfolka var for det meste ute på fiske og det vart derfor kvende og ungane som laut slita med gardarbeidet.

Utmarkslått har dei ikkje hadt, i vanleg meining av ordet. Dei dreiv berre litt med stuttorven mellom lyngrabbane i utkantane av bøane.

Graset samla dei i trochesjar, som stod på markene nærast husa.

I. Bruksmåten var den same på alle gardar, som alle var småbruk. Høyet bar dei på ryggen frå hesjane og inn i løa.

II. Dei brukte børsteng(ei) til å bere ~~høyet~~ graset ~~til~~ å på til hesjane. Når dei slo etter med stuttorven brukte dei ofte kipa. Dei samla då graset i den etter kvart dei slo.

Barna var med og bar gras til hesjane.

IV. Som før sagt bar dei høyet i hus. Dei brukte då børatog. Dei la toget dobbelt og festa hovolda(ei), strekte det ut og

83

fengde höget på det. Når böra var stor nok, bredde dei endane gjennom hovalda og snörde böra godt saman. Han (det hende kvendi òg) la seg so med ryggen mot böra og stakk ein arm under bravt (fast) tag, tok so dei lause endane i eine handa (overakla) og reippa böra opp, og reiste seg sjölv med det same.

Var böra tung, fekk 'n hjelp til å reise seg. Han som hjalp, stod då alltid bak böra og lyfte ho opp.

For omlag 30 år sia tok dei til å få hest på gardane, og då fekk dei seg straks högvogn, med to hjul under og for ein hest. (Bruka vart ofte utvida ved nydyrking i denne tida, og drifta sterkare)

Toget som dei gyrta lasset med, kallar dei gjöring(ein) eller gjöratog(eit). Somme brukar berre tog, andre höytong(ei)

På begge sider av vogna er grinder, som dei kann hekke ut når dei skal avlessa.

Dei reknar at i eit lass er det tre fire börar hög.

V „Fellesslått" har dei aldri hadt. I alle fall er det ingen som kann minnast det eller har höyrt „gamle folk" tala om det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 83

Borsteng








Kipe.
Bandi var feske omlag
8 cm. frå overkant og
midt under botnen



Høyvogna som vert brukt no.
Har vore brukt i omlag 30 år.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING